



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellestråd

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Dato: 04.10.2022

Vår ref: 22/01038-4

Dykkar ref:

Høyring planprogram for arealdelen i kommuneplanen

Alver kyrkjelege fellestråd gir med dette høyringssvar til planprogram for arealdelen i kommuneplanen. Vi viser til epost 14.09 der vi skriv at formelt svar blir sendt etter at fellestrådet har behandla høyringa formelt. Det blei også avtalt på telefon.

Vi har registrert at kommunen eigentleg ikkje opnar for innspel om heile kommunen. Fellestrådet sender likevel høyring som gjeld heile kommunen, og håpar innspela blir vurdert.

Fellestrådet behandla planprogrammet 20.09.22, og gjorde følgande vedtak i sak 18/22: «Alver kyrkjelege fellestråd har vurdert noverande og framtidig kapasitet for gravplassane i kommunen. Fellestrådet gir med dette kommunen ei oversikt over gravplassar med indikasjonar på kor det er behov for utviding av areal. Vi stiller gjerne på eit møte for å gi utfyllande kommentarar.»

I forkant av fellestrådet si drøfting hadde kyrkja møte med planavdelinga i kommunen, som hadde berekna ei dødsfallsprognose basert på forventa utvikling i folketal og levealder. Prognosen var delt i geografiske område nær kyrkja sine soknegrenser.

Kyrkja har deretter laga vedlagte tabell, som viser status gravplassar, med indikasjon på kor og når det er behov for utviding av gravplassareal i heile kommunen. Sjølv om det er ei rekkje usikre faktorar, håpar vi tabellen kan fungere som ei rettesnor for kommunen i vurderinga av behov for nytt areal. (Vi gir gjerne meir informasjon og forklaringar).

I kolonnen som heiter «treng utviding av areal», står mellom anna Knarvik, sjølv om det pr i dag er mykje ledig der. Men Knarvik som regionsenter veks, så her må vi tenke mange år framover. Manger likeså, her trur vi kommunen bør sikre seg/regulere nytt areal.

Eit område som ikkje står i tabellen for gravplassar er Frekhaug. I dag er det gravplass ved Meland kyrkje, men dei fleste folka på Holsnøy bur ikkje der. Fellestrådet trur kommunen burde vurdere å regulere eit areal på Frekhaug til framtidig gravplass.

Fellestrådet vil også ta fram behovet for areal til framtidige lokale arbeidskyrkjer. I tillegg til behovet for areal til arbeidskyrkje på Frekhaug – som kommunen allereie kjenner til, har fellestrådet i si drøfting også peika på lokalsenteret Lindås. Dette er eit aktivt område, som i dag manglar dei tenester som ei arbeidskyrkje kan gje. Ein start kan vere å regulere areal.

Med helsing

John Fredrik Wallace
Kyrkjeverje

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Grethe Lunde

Alver kyrkjelege fellesråd, John Fredrik

Wallace

Astrid Aarhus Byrknes

Alver kommuneMartin Kulild

Radøyvegen 1021

Lonsvegen 1

Oterhaugane 18 A

Postboks 4

5938 Sæbøvågen

5914 ISDALSTØ

5914 Isdalstø

5906 Frekhaug

Mottakere:

Alver kommune

Alver kommune, Marte Hagen Eriksrud

Postboks 4

Postboks 4

5906 Frekhaug

5906 Frekhaug

Kapasitet gravplasser i ALVER pr. September 2022

Plansone gruppe	Plansone	Kyrkjeseone	Gravplass	Ledige brukbare kistegraver pr august 2022	Antall kiste graveferder 2021	Antall kiste graveferder 2022, pr.06.sept	Forventa full grav plass (år) OBS! Kun antydning	Treng utvidelse areal	Prioritet ang arealbehov	Treng gjenbruk av gravfelt	Kommentar
	Vikebø	Meland	Meland	200	25	26	2 029	Ja	1		NY gravplass må inn i økonomiplan. Treng å omarbeide felt A før gjenruk. Ledige graver er inkludert Felt A
	Frekhaug	Meland									
	Alversund	Knarvik	Alversund	12	14	10	2 023	Ja	1		Må ha gjenbruk klart til sommar 2023
	Alversund	Knarvik	Seim	36	5	3	2 080	Nei			To store klargjorte områder er ikkje merka opp-estimert ca 200 nye graver
	Alversund	Knarvik	Lygra	10	3	2	2 026	Ja	2		Gjenbruk av eksist gravareal vil gi meir plass
	Knarvik	Knarvik	Knarvik	529	13	8	2 100	Ja	1		Ledig delvis klargjort areal, ca 1500 graver
	Lindås	Lindås	Lindås gamle	25	11	4	2 025	Ja	1		Ny gravplass er under planlegging
	Lindås	Lindås	Lindås nye	0	0	0					På lang sikt kan den gjenbrukast. Men treng full masse-utskifting og ny drenering
	Lindås	Lindås	Myking	23	12	10	2 024	Ja	2		Felt A må omarbeides for gjenbruk innen 2023/2024
	Lindås	Lindås	Hundvin	79	1	1	2 050	Nei			Felt A og B kan på lang sikt omarbeides for fleire nye graver
	Bøvågen	Radøy	Hordabø	100	4	5	2 040	Nei			Treng planlegging for gjenbruk
	Bøvågen	Radøy	Sjur	250	6	5	2 040	Ja	2		Her treng allerede utvida område masseutskiftast pga veldig fuktig jord
	Bøvågen	Radøy	Bauten	150	5	0	2 060	Nei			Når den er full må Sjur/Hordabø brukast
	Manger	Radøy	Manger	350	17	16	2 040	Ja	1		Her er gravfelt blokkert for framtidig gjenbruk
	Manger	Radøy	Sæbø	275	8	8	2 040	Nei			Her er gravfelt blokkert for framtidig gjenbruk
	Manger	Radøy	Sletta	4	1	7	2 023	Nei			Delvis klargjort gjenbrukområde, må godkjennes. Vil gi 20nye år med graver
	Ostereidet	Osterfjorden	Romarheim	25	2	0	2 040	Nei			Urner og få kistegraver
	Ostereidet	Osterfjorden	Vike	17	0	0	2 060	Nei			Urner og få kistegraver. På sikt kan meir av gravplass omarbeidast til gjenbruk
	Ostereidet	Osterfjorden	Øverås	0	0	0	-	Nei			Kun urner
	Ostereidet	Osterfjorden	Ostereidet	379	6	3	2 100	Nei			Meir ledig areal- ikkje merka opp
	Ostereidet	Osterfjorden	Askvik	0	0	0		Nei			Kun urner
	Ostereidet	Osterfjorden	Hjelmås	125	2	6	2 040	Ja	1		På sikt må feltA gjenbrukast.. Men her trengs ny drenering og mass-utskifting
	Totalsum				135	114					

OBS!! Årstall for forventa full gravplass er indikasjon som gjeld ved bruk av ledige graver og områder som er klartgjort for gjenbruk/ny bruk. Må revideres jevnleg

Behov for gjenbruk eksisterende gravfelt:

	Haster	0-3år
	Må planlegges	4-10år
	Nok plass	meir enn 25år

Prioritering av arealbehov for gravplass, parkering, teknisk sone:

1	Treng avsatt areal i denne planperiode
2	Treng å vurdere areal ved neste planperiode